



Nokre minne frå songgruppa

CREDO

Manns-songgruppe

aktiv frå 1976 - ca. 2000

med deltakarar frå

Giske kommune

Dirigentar:

Kjell Grimstad 1976-1996

Kjellaug Kløften Standal

1997-ca.2000

Innhaldet her er stort sett avisutklipp og anna frå milepælar i Credo si historie, slik som t.d. kassetinnspelningar, jubileum, større arrangement, grottekonsertar etc.

Den daglege dont, med øvingar kvar måndag og innslag på alminnelege gudstenester og bedehustilstellingar rundt om på Sunnmøre, kjem dessverre ikkje med her. Det var dette det var mest av, men her var sjeldan fotograf og avisfolk til stades, så desse minna får leve hos den enkelte som har vore med i Credo.

Credo hadde 3 innspelningar på musikk-kassett, som var mest vanleg på den tida, før CD vart standarden.

- 1983: Innspeling av «Jeg har en venn» i Valderøy kyrkje med Peder Arne Lid som lydteknikar og produsent
- 1985: Innspeling av «Sæle morgon» i Valderøy kyrkje med Øyvind Driveklepp (Kanaan Studio) som lydteknikar. Øyvind Hildre var produsent.
- 1996: Innspeling i Vigra kyrkje av «Eg lyfter augo mot himmelen» med Peder Arne Lid som lydteknikar og produsent. Dette var ein jubileumskassett i samband med at Credo var 20 år.
- 1979: Credo var også med på ei innspeling som Kirkelig kulturverksted hadde i Ørsta for å prøve å gjenskape ein gammaldags songarfest. På innspelinga «Songarfest i nærbilete» var mange kor med. Arne Grimstad var festleiar og Per Oddvar Hildre var produsent. Credo bidrog med 2 songar.



SÆLE MORGON

SÆLE MORGON

Manns-sanggruppa

CREDO

STEREO

SÆLE MORGON

SIDE 1:

Kor fagert namnet Jesus er 2:20
(Price Sixpence/E. S. Lorenz)

Ta mine hender 2:31
Solist: Håkon Blindheim
(Gote Strandsjø/Arr. Joh. H. Grimstad)

Slik som eg var 2:23
(Siv. Engeset/L. Aa)

O. Lam 2:02
(Berhte Kanutte Aarflot/Joh. H. Grimstad)

Renn tårer 1:33
(Etter Phinaeas Fletcher v/Joh. H. Grimstad/Joh. H. Grimstad)

I det djupe hav 3:05
Solist: Kjell Grimstad/Håkon Blindheim
(Eriksen/Eriksen)

Lær meg å bede Gud 2:43
(B. M. Ramsøy/Joh. H. Grimstad)

Vandreaens Aftonbøn 1:59
(XX/Eilif Klykken)

ncc

TEAM TEXAS GULL

CREDO Jubileums-kasset

Eg lyfter augo mot Himmelen

CREDO Jubileums-kasset

CREDO

CREDO

ncc
P521
STEREO

PÅ LØA MOBIL LYDPRODUKSJON
6100 VOLDAL TLF 70 07 84 11

CREDO Jubileums-kasset

SIDE 1:

1. Eg lyfter mine augo mot himmelen 1:21

2. Alle vender augo sine til deg 1:42

3. Hyrden 4:00
Arr: E. Klykken, solist Håkon Blindheim

4. Di rettferd er min bunad 3:01
Joh. H. Grimstad, solist Per Remme

5. O, la mitt liv om Jesus tale 2:27

6. Tænk naar en gang 2:25
Folketone, solist Torstein Remme

7. Se solens skjøne lys og prakt 1:37
Arr: Erling Grimstad, solistar: Håkon Blindheim, Ove Haram

8. Den store hvide flokk 2:28
Folketone/arr: Grieg, solist Roger Roald

SIDE 2:

1. Parti frå «Tidarvende» 2:10
Joh. H. Grimstad

2. Olsok 2:39
Komp P. Okkenhaug, solist Kari Marie Frøysa

3. Davids 150. salme 5:42

4. Amazing Grace 3:37

5. Go Down Moses 3:03

6. Oh freedom 2:16

Oppteke i Vigra kyrkje 18-19.5.1996.
Dirigert: Kjell Grimstad
Forside: Fride Haram Klykken
Lydtekniker: Peder Arne Lid

SONGARFEST
i nærbilete

FXMC 21 Dnsa, april 1980 MC 3

Sunnmøre syng

SONGARFEST I NÆRBILETE

SONGARFEST
i nærbilete

FXMC 21
STEREO

RA KONTROLL SYSTEM

DOLBY SYSTEM

Industrikyrkiet - Oslo

SIDE A:

1. SPISESEDDELEN (2:49)
framført av Credo, dir: Kjell Grimstad, tekst, mel. og arr: Carl Zullner

2. VELKOMNE TIL SONGARFEST v/Arne Grimstad (0:40)

3. SUNNMØRE (2:50)
framført av Volda Mannskor, dir: Per Oddvar Hildre, tekst: Anders Hovden, mel. og arr: Bjarne Eidsvik

4. I MORGON (3:50)
framført IUF-Koret, Ørsta, dir: Knut Ose, solist: Einar Muren, tekst og mel: Einar Ekberg, overs: Sigurd Rydland, arr: Johan H. Grimstad

5. JA, EG ER KONGE (1:30)
framført av Bergsøy Blågaskor, dir: Peder Nerem, mel. og arr: Martin Emhjellen

6. TITT EG MINNST EIN GAMAL GARD (3:16)
framført av Hareid Ungdomskor, dir: Folke Grimstad, tekst: Ivar Aasen, mel: Rasofiel Rise, arr: Lars Søraas

7. DEN FØRSTE SONG (2:57)
allsong, tekst: Per Sivle, mel: Lars Søraas

8. NIDVITSAR OG INTRODUKSJON av Ivar Grimstad v/Arne Grimstad (3:37)

9. IVAR GRIMSTAD LES EIGNE DIKT
a) Dreyemaren og barna hans (1:52) b) Genesaret (0:45) c) Krossen (0:53) d) Offer (0:27)

SIDE B:

1. HO GJURO (1:28)
framført av Hareid Ungdomskor, dir: Folke Grimstad, gamal norsk folkevisse, arr: Halldan Kierulf

2. SONG I SOL (2:30)
framført av Rovde Mannskor, dir: Eldar Knardal, solist: Per Knardal, tekst: Henrik Straumheim, mel. og arr: Peter Eiken

3. CREDO (2:02)
framført av Credo, dir: Kjell Grimstad, mel. og arr: Eiliv Klykken

4. DAGSENS AUGA SLOKNAR UT (3:25)
framført av Skodje Blågaskor, dir: Dann Karlsen, tekst: Blix, mel. og arr: Johan Sjøngstad

5. I HELLARSKOG (2:28)
framført av Grimstadkoret, dir: Johan H. Grimstad, solist: Arild Grimstad, tekst: Olav Aukrust, mel. og arr: Peter Eiken

6. HOGT FRA DEN HIMMELSE KLARA (1:45)
framført av Grimstadkoret, dir: Johan H. Grimstad, tekst: Krummacher, overs: Anders Hovden, mel. og arr: Johan H. Grimstad

7. TIL EI LITA JENTE (2:22)
framført av Grimstadkoret, dir: Johan H. Grimstad, solist: Johan H. Grimstad, tekst: Jakob Sande, mel. og arr: Johan H. Grimstad

8. JEG HAR BARET LERKENS VINGE (1:55)
Allsong, tekst: M. Rosing, mel: Fr. Silcher


Credo hadde 4 grottekonserter i Skjonghellaren på Valderøya:

- i 1991 i samband med Credo sitt 15-årsjubileum
- i 1992
- i 1993
- i 1998 i samband med Ålesund sitt 150-årsjubileum

1991

Credo jubilererte i Skjonghellaren og kyrkja

Mannssanggruppa Credo markerte 15 års jubileumet sitt denne helga. Dei starta med noko så unorsk som ein grottekoncert i Skjonghellaren på laurdags føremiddag. Omlag 60 mennesker trossa regn og vind og tok seg fram til Skjonghellaren. Berre det å kome seg opp til hellaren er strabasiøst nok, kvar blir det av den lenge omtala gangstien? Skjonghellaren viste seg å vere ein glimrande konsertsal, og både publikum og songarar fekk ei heilt spesiell oppleving. Utifrå dei mange begeistra uttalane, blir nok ikkje dette den siste konserten i hellaren. På søndag var det konsert i kyrkja.



Frå den vellukka konserten i Skjonghellaren

På jubileumskonserten i Valderøy kyrkje søndag fekk vi høyre Credo på sitt beste. Men så hadde dei også fått med seg fleire tidlegare medlemmer, slik at det var ei heilt lite kor som toga inn (i sine kvite skjorter) medan Kjetil Kvangarsnes spela eit mektig preledium på orgelet. Litt av det Credo har hatt å seie for den einskilde og for lokalsamfunnet gav Ingeborg Tunheim uttrykk for i ein fin prolog. Programmet var variert, frå songar av nyare og eldre komponistar til folketonar og negro spirituals. Credo har mange gode songstemmer, og i mange av songane kom dei lyse tenorpartia fint fram. Dette var skikkeleg god korsong.

Nokre av dei songane dei syng er

komponerte eller arrangerte spesielt til Credo av E.Klykken. To av desse vart framførde av Torstein Remme si vakre røyst i solistpartiet. Fleire av dei andre korsongane var også med solist. Håkon Blindheim, Karl Olav Nedregotten og Roger Roald kom vel fra sine solistoppgåver, like eins Hallgeir Måseide med Den Heilage Staden som trompetsolo.

Johan H. Grimstad var sterkt representert, i den vakre Til ei lita jente med tekst av Jacob Sande både som solist og komponist. Dessuten har han arrangert fleire av songane til Credo, og det var han som heldt "festtalen", men i form av deklamasjon av dikt som passa godt inn og med samanbindande raud tråd.

Marte Sundgot hadde fint samspel på piano med koret i avslutningsnummeret.

Det var godt å sleppe klapping etter kvart nummer, og det vart heller ikkje klappa for ekstranummer. Var dette ein reaksjon på den overdrevne klappinga ved forrige konsert i Kyrkja? Applaus etter kvar avdeling ville kanskje ha virka oppmuntrande, men kontakten mellom kor og forsamling var tilstades. Folk kjem alltid for å høyre på Credo, og denne ettermiddagen var kyrkja fullsett.

Kjell Grimstad, som starta og har leia mannskvertetten/koret heile tida, har gjort ein fin innsats for musikklivet i Giske og den kristne songen.

INGRID.

GROTTESONG

SPILL OG GRILL

SKJONGHELLAREN, VALDERØY – LAURDAG 20 JUNI KL 19.00

- * DAGFINN NUPEN deltek med fløytespel, bukkehorn og andre særegne naturinstrument.
- * Arkeolog EILIF LARSEN orienterer om utgravingane i Skjonghellaren.
- * ARNSTEIN HANSEN serverer heilstekt lam, og vert solist med Credo.
- * Bergpreike v/sogneprest Steinar Hovde.
- * CREDO syng under leiing av Kjell Grimstad.
- * Konfransier Arne Grimstad.

VER VELKOMNE LANGS LANDE- ELLER SJØVEGEN!



200 på grottesong i Skjonghellaren

Trass i kuling og piskande regn hadde over 200 tatt turen til Skjonghellaren laurdagskvelden. Her fekk folk ei unik oppleving med song, historie, andakt og grillmat. Naturens eigen katedral, er hellaren blitt kalla, og det kan den godt leve opp til. Den spesielle akustikken gjer at song og tale fyller heile rommet, og gjer moderne teknisk lydutstyr overflødig.



Credo i Viking-drakter

Vinden og regnet piska mot fjellsida ved Skjonghellaren, men så snart ein var innanfor var det heilt vindstille, og ein merka knapt ruskeveret utanfor. Hellaren var opplyst med fakklar, og skapte ei spesiell stemning. Det er manns-songgruppa Credo som har tatt initiativet til desse grottekonsertane og det var dei som var arrangør og hadde hovedrolla også denne gongen. Men denne gongen hadde dei fått med seg forsterkningar, mellom anna i Arne Grimstad som knytte programmet saman på sin sereigne og engasjerande måte. Ørstingen Dagfinn Nupen engasjerte også publikum med sitt fløytespel og sine kunnskaper

om ulike blåseinstrument. Sokneprest Steinar Hovde heldt andakt, og at han valde emnet "Bergpreiken" var nok ikkje tilfeldig.

Credo hadde tenkt på meir enn den åndelege føda, og engasjerte den kjende songar og mesterkokk, Arnstein Hansen som grillsjef.

Interessant var det også å høyre på Eiliv Larsen, som har leia utgravingane i Skjonghellaren. Han fortalde om funna som er gjorde i hellaren, og kva dette tyder for forhistoria vår. "Nøkkelten til vår fortid", bli hellaren kalla i desse kretsane. Hola er 38 meter høg ved inngangen og går vel 130 meter innover i fjellet.

Hola vart undersøkt for første gong i 1875 og det er funne ei mengde veidereiskaper og beinrestar etter fuglar og dyr. Dei siste funna her gjorde at våre kunnskaper om flora og fauna måtte tilbakedaterast omlag 10 000 år.

Øy-Blikk skreiv etter den første konserten i fjor, at dette kunne bli ein av våre største turistattraksjonar. Her kunne ein arrangere grottekonsertar gjennom heile sommaren med lokale og meir landskjende artistar. Etter den siste konserten har vi blitt ytterlegare styrka i trua på Skjonghellaren som ein turistmagnet. Honnør til Credo for nytenking og kreativitet.

Grottesong i Skjonghellaren på laurdag

Det blir historisk sus over arrangementet på Valderøy laurdag kveld (sjå annonse). Det er mannsonggruppa Credo som er vertskap og har invitert utsøkte gjestar til "Grottesong med spill og grill".

Skjonghellaren er naturen sin eigen "katedral", 70 m lang,

høgt under taket, akustikken er framifrå til sang og musikk, som det blir mykje av på laurdag. Høgt under taket er det også på den måten at alle skal føle seg velkomne. Hellaren vender mot kveldssola, med fin utsikt mot sjøen, der det forhåpentlegvis ligg både gamle skuter og nyare båtar. Kvifor må historiebøkene skrivast om på grunn av funna i frå dei siste

utgravningane i Skjonghellaren? Dette vil arkeolog Eiliv Larsen svare på i si orientering. Neverlur, seljeflytte og bukkehorn har kanskje vore nytta før i desse omgivnadane. Laurdag er det Dagfinn Nupen som vekjer liv i denne sida av historien med sitt spel. Det vil ose av kultur, grillrøyk og sagasus i Skjonghellaren laurdag. Vikingar og steinalderfolk vil nok

også dukke opp. Publikum kan og gjerne kle seg ut om dei ønskjer. Med Arne Grimstad som konfransier, Arnstein Hansen som sjefsgriillmeister og solist, Credo med "Urframføring" og variert reportoar under leiding av Kjell Grimstad, "Bergpreike" ved sokneprest Hovde, skulle det vere duka for ein opplevelsesrik laurdagskveld utan omsyn til vertilhøve. Ar-

angementet som tek kl. 19.00 er gratis og alle er velkomne, små og store, både sjøvegen og landevegen.

Dersom sagnet om tunnelsamband mellom Rønstadhellaren på Lepsoya og Skjonghellaren er sant, så velkomne også denne veg.

1993

Torsdag 24. juni 1993

ØY-BLIKK

10

300 på grottesong i Skjonghellaren

Credo klarte det igjen. Omlag 300 personar trossa regnet for å ta del i grottekonserteren i Skjonghellaren. Mange såg ut til å droppe middagen heime denne søndagen, for "Holegryta" av breiflabb gjekk raskt unna. Kjempagodt, delikatesse, hørde vi rundt oss, noko som skulle tyde på at retten var velsmakande. Spanande var også "Tidarvende" av Johan H Grimstad og Lars Eskeland som vart urframført.

Folk som kom til Skjonghellaren søndag vart møtt av ei gruppe skinnklede steinalderborn som hadde slått leir rundt bålet oppe i ura. Dette var born frå ein skule på Kvamsøya som har engasjert seg mykje i steinalderen. Dei har også overmatta ute i naturen i sine skinnfellar, kunne dei fortelle.


For å skape dene rette stemninga var "Naturens eigen katedral", som Skjonghellaren blir kalla, opplyst av faklar. Ordførar Harald Hole opna med å fortelje at Skjonghellaren er ein av dei største turistatraksjonane vi har her i kommunen. Turiststraumen hit har auka kraftig den siste tida, sa Hole.

Den første som oppdaga den spesielle akustikken i Skjonghellaren var felespelaren Ole Bull. Under ein konsertturne i 1878 vart han etter eige ynskje henta til Valderøy for å spele i hellaren. Lærer Dybvik på Valderøy fylgde han, saman med ei skuleklasse, ut til hellaren. Vi kan framleis sjå namnet til både Bull og Dybvik som er hoggd inn i fjellet.

Det skulle altså gå 119 år før Credo fylgde opp denne tradisjonen. Credo urframførte songsyklusen "Tidarvende" som Johan H Grimstad og Lars Eskeland har skreve og komponert. Grimstad var også solist. Med seg på konserten hadde Credo også fløytespelaren Monica Valderhaug og Elfrid Grimstad som song og framførte stev. Arrangementet i Skjonghellaren vart sikkert leia av Ståle Godø.



Johan H Grimstad var sjølv med på urframsyninga.



Credo med Monica Valderhaug på fløyte.



Til venstre: Steinalder born frå Kvamsøya.

Ny musikk på historisk stad



Credo samla fleire hundre menneske til sin grottesong i Skjonghellaren i går. Her er koret saman med solist Elfrid Grimstad (t.v) og Monika Valderhaug på fløyte, under opningssongen «Olsok».

(Foto: John Roald Pettersen)

Mannssong-gruppa Credo inviterte søndag på ny til Grottesong i Skjonghellaren. Denne gongen med «Holegryte» og urframføring av songsyklusen «Tidarvende» på menyen. Fleire hundre menneske hadde funne vegen til naturkatedralen på Valderøya.

Av John Roald Pettersen

*«Ein veidemann og fylgjet hans,
dei stiglar hit! Dei kjem til lands!
Dei stemner opp mot hola her!
Vi ser det no! Dei kjem oss nær!»*

Slik lydde innleiinga til songsyklusen Tidarvende, som Credo for første gong framførte i Skjonghellaren i går. Og sjølv om det var få som sigla dit denne gongen, så «stemna dei opp mot hola her», i hundrevis. Dermed gjentok Credo suksessen frå ifjor, då dei til sin første Grottesong samla 250 menneske. I år var det truleg fleire inne i hellaren, og dei fekk med seg både god mat, kultur og historie.

Det første som møtte gjestane i Skjonghellaren i går, var nokre unge steinaldermenneske i full sving med matlagning og eting utanfor hola. Innunder pelskledda skjulte det seg femte- og sjetteklassingar frå Kvamsøy skule, som har jobba spesielt med den tidlegaste historia i landet vårt. Før grottekonsertern sørga dei for den rette stemninga utanfor hellaren.

Credo hadde sett saman eit omfattande og variert program. Sentralt stod ein nykomponert songsyklus som Johan H.Grimstad har hatt hovudansvaret for. Med eigne og Lars Eskeland sine tekstar som grunnlag, hadde Grimstad arrangert ei musikalsk vandring gjennom historia. Frå heidens tid via kristendomen sitt inntog i landet, og fram mot notida. Monika Valderhaug si fløyte var einaste instru-


mentet, resten av tonane stod Credo for.

Truleg er det første gongen ei urframføring av eit slikt verk har gått føre seg i hellaren. Men opp gjennom åra har det vore mykje folk innom hola, også store musikarar. Eit godt stykke inne i hellaren kan ein sjå inskripsjonen O.Bull. Eit minne frå eit historisk besøk på ein historisk stad. I 1874 var nemleg Ole Bull på Sunnmøre, og fekk høyre om hellaren med den spesielle akustikken. Etter eige ønske vart han frakta til Valderøya, og gjekk opp i hellaren saman med lærar Dybvik og ein skuleklasse frå øya. Inne i hola fekk klassen ein konsert som ingen andre har fått oppleve.

Credo sitt minne om dette besøket, var Ole Bull sin komposisjon «I ensomme stunde». I tillegg til mannssong-gruppa sine fire avdelingar, fekk publikum mellom anna høyre solisten Elfrid Grimstad, og ei «Bergpreike» ved tidlegare sjømannsprest Annstein Lothe.

Før grottekonsertern kunne folk meske seg med ei «holegryte», spesialkomponert for anledninga av Arnstein Hansen. Det har neppe vore sett til livs så mykje breiflabbe på ein gong før i Skjonghellaren!

(Foto: John Roald Pettersen)



... og mange fekk høyre



Folksamt var det også i Skjonghellaren då mannskoret Credo inviterte til Grottekonserert. Den store attraksjonen denne gongen var sekkepipeblåsaren John Macintosh, fly- og bilboren frå

Edinburg.

Folk satt vagla oppetter alle bergsprekker under konserten, og koste seg storligen i fineveret, med flott song, framande lydar og låter, Harald Grytten si elegante lei-



ing av programmet. Også Kjetil prest deltok i arrangementet med andakt.

Middag var det også å få kjøpt, gitt av ein lokal lakseprodusent. Og til taffelet spelte VVUM.



Sekkepipe i Skjonghellaren

John Macintosh gledde både tilhøyrarane på Credo-konserten og dei kongelege på ferjekaia med si sekkepipe.

Arrangemente i hellaren var ei gåve til Ålesundsjubileet frå delar av kultur- og næringslivet i kommunen.

Kyrkjekonsertar i samband med jubileum for Credo:

10 års - jubileum

1986

DAGEN, torsdag 16. januar 1986

«Credo» på Valderøya rundar 10 år:

Livsfriskt mannskor


Av LIV RANDI BJØRLYKKE

Mannskora lever på Sunnmøre. Eit av dei mest livsfriske finn vi på Valderøya. Det er mannskoret Credo som i desse dagar kan høgtida 10-årsjubileum.

To kassettar har dei fått sunge inn dei siste par åra, og såleis har dei 11 karane som er med, fått spreidd den kristne budskapen og songgleda si til eit større distrikt. Fyrste kassetten, «Jeg har en venn», er no spreidd i 1.300 eksemplar, kan dirigenten, Kjell Grimstad, fortelja.

Å få tak i gode arangementer for mannskor er ikkje så lett. Men Credo har hatt god kontakt med komponistane Johan H. Grimstad og Eilif Klykken, som har hjelpt dei mykje. Repertoaret er tradisjonell song i klassisk stil. Ein har hittil unngått dei meir moderne stiane, med småorkester og fløytemusikk i bakgrunnen.

Koret er mykje inspirert av Sunnmøre Kristelege Mannskor, fortel Kjell Grimstad, som sjølv har sunge i kor si-



10 ÅR: Mannskoret Credo på Valderøy har sunge saman i ti år. (Foto: Arve Hoel).

dan han var 11 år og kan ikkje tenkja seg noko anna liv.

Alle som skal byrja i Credo, veret kalla til det. Namnet tyder «eg trur», og songarane må kunna stilla seg bak

denne tittelen. Men den kristne formålsparagrafen hindrar ikkje at karane kan slå til med ein hyllest til spisetelen på dei mange arrangementa dei fatar rundt på gjennom året.

1991

Torsdag.31.oktober

Credo fyller 15 år

I femten år har CREDO hatt gleda av å føre fram kristen song i bygd og by på Sunnmøre, - ja også utanom fylket sine grenser har dei vore og gitt til beste av sitt repertoar.



Dette vil dei markere med ein jubileumskonsert i Valderøy kyrkje søndag den 10. november 1991 kl. 17.00.

Folket veit kva CREDO står for både åndeleg og musikalsk. På konserten søndag får de oppleve heile bredda i CREDO sitt repertoar, - frå det heilt enkle, vare -om det klassisk seriøse og fram til kyrkjemusikk. I tillegg til songane vil de få høyre PROLOG, - trompetsolo, - apell (dikt framført og samanknytt av Johan H. Grimstad).

CREDO vil føre fram fleire av Johan H. Grimstad sine korkomposisjon og arrangement. Komponisten vil då med si varme og faldige bassharvtonstemme

syngje solo på ein av sine egne songar.

Også Eiliv Klykken er, og har vore, ein av Credo sine "huskomponistar". Seks komposisjonar og arrangement er med, og opningsnummeret er både motto-song og namnesong på sjølvve mannskorgruppa.

Dei to komponistane blir spesielt nemnde fordi dei har foræra Credo så mange av sine "Perler".

Vi oppmodar folket i dei enskildde bygdelag - i heile kommunen - på alle øyane, - å stø opp om denne markeringa og denne jubileumsfeiringa.

Dette blir både ei kulturell og åndeleg høgtidsstund. KOM OG HØYR!!

PROLOG – 15 ÅRS JUBILEET TIL CREDO

Skrive av Ingeborg Tunheim november 1991

Det er høgtidstonar her i dag
til vår Frelsar og Forsonar
Han som ein dag gav oss kallet
gledesbodet ut til alle

Bedehus som kyrkje
Kristent fellesskap gir styrke
det bind syskenbandet
ved Hans skaparande

Den sprer kjærleik, tendrar lys i mørke
mildnar sorg og motbør
blømer, sjølv i tørke

Trufast kvar ein måndag
vår som vinterkveld
møtte dei til øvingsstunda fram
15 år vil gi so mange minner
skape sterke, varme syskjenband,
og gi kveik til vidare gå fram.

Ja, frå mange heimar lyder «Credo»-song
styrker kvardagsvegen gong på gong
løyser floker mellom små og store
skaper høgtid attmed kjøkenbordet.

Den kan også skape bindebruer
inn til menneske som går og leitar
etter fellesskapet
ikkje domarhand som peikar
om ein fall i grøfta,
misste kurs og veg
Men i tenarsinn og nærleik
få forkynne Kristi kjærleik.

Alle er vi små og veike kar
Alle er vi elska av ein himmelsk far,

Han som våre synder støytt
ut i djupe hav
alt av berre nåde – utan krav

Og om tonen stundom mollstemt bivrar
lys og mørke formar våre steg
då er godt å kjenne bønestigen
hente styrke på vår himmelveg

Credo tyder: Tru på Jesus Krist
Han som gav sitt liv for oss i døden,
slike tonar veit vi sant og visst
vil skape lys og von, og tenne
himmelgløden

til vi når det gode land
ved ei krossmerkt frelsarhand.

Jubileumskonserter med Credo


Mange hadde funne vegen til Vigrakyrkja søndag då mannskoret Credo markerte 20-årsjubileet sitt med konsert. Koret har arbeidd hardt fram mot konserten, og var spente på om stemmene heldt etter alle øvingane. Men dei 16 songarane i Credo og dirigenten, Kjell Grimstad klarerte og innfridde forventningane.

Tekst og bilde: Arnfim Vartdal

Koret var forsterka både med musikkarar og solistar og hadde lagt opp til eit mangfaldig repertoar med både norske folkeonar, negro spirituals og meir klassisk prega stykke. I tillegg spelte Richard Powell mellom anna Bach sin "Toccata og fuge i d-moll" på orgel.

Sokneprest Kjetil Frøysa heldt andakt og tale om lovsongen som er drivkrafta bak eit kor som Credo.

Stemminga og "programmet" for konserten vart sett med oppmuntningssykka, eit parti fra "Tidarvende" av Johan H. Grimstad og "Credo" av E. Klykken. Desse songane fortel om trua koret bygger på, og høver begge godt til klanggen i koret. Credo har ein rund,



vakkert klang og syng kontrollert, utan dei heilt store utskelstane. Dette var med på å skape det som for underreikna var høgdepunktet i konserten, folkeonon "Træk når engang" med Torstein Remme som solist. Songen vart inderleg

framført av ein erfaren og sikker solist, godt akkompagnert av korret. Dei andre solistane som song med koret, gjorde også ein god figur. Kari Marie Frøysa song "Olsok" av Paul Okkenhaug, Roger

Roald song Grieg sitt flotte arrangement av "Den store hvite flokk". Elles var både Per Remme, Håkon Blindheim og Ove Haram solistar. Publikumsfavoritten på konserten vart nok spiritualen "Oh,

freedom". Songen har eit velklingande, litt jazzprega arrangement og eit flott driv, og koret sleppte seg laus saman med Richard Powell og dei unge musikarane Vegard Haram Klykken, Geir Uggedal og Odd Kåre Naalsund - særleg då songen vart framført da capo til slutt. Elles kan nok negro spirituals tole at ein "legg på" litt ekstra driv, både dynamisk og rytmisk.

Publikum var nok litt prega av "sundens alvor" i byrjinga, det vart nemleg gjort opptak av konserten og ingen ville risikere å øydelegge oppaket. Men etter ein frisk versjon av "Amazing Grace" med Marte Sundgot ved piano, braka applausen laus - etter at Per Remme lurte på om ingen vågde å klappe!

Etter konserten fekk dirigent Kjell Grimstad velfortente blomster og gode ord av soknepresten. Sjølv takka Grimstad publikum for den inspirasjon dei gir ved å ta så godt mot koret. Men spesielt takka han for at mor hans på 95 år kunne vere tilstades i kyrkja og høyre på. Så tok songarane med seg familiane sine for å feire jubilet for seg sjølve på Sagabu.

Dersom publikum følgde oppmodinga om å gje kollekt etter kor mykje dei tykte dei hadde fått under konserten, vil eg tru at kollektbøssa vart tung.

Fin opnings- konsert på Hareidsstemma 1983

«To førtiåringar og ein ungdom»

Onsdag kveld starta Hareidsstemna med konsert på Hareid bedehus. Konserten vart til på bakgrunn av at Grimstadkoret var 40 år i fjor utan å halde nokon spesiell jubileumskonsert, og i år er Hareid Kristelige Mannskor 40 år. Det kunne derfor vere naturleg med ei markering av dette på Hareidsstemna i år.

Dei hadde så bedt til seg songgruppa/mannskoret "Credo" frå Valderøya og ein pianist, Bård Dahle frå Voirda.

Det var eit heller fåtallig publikum som var møtt fram då programleiar, Odd Melhus, ynskte aktørar og tilhøyrarar velkomne og erklærte Hareidsstemna 1983 for opna. Programmet var lagt opp med

ei tyddig avdeling frå kvar av kora med pianomusikk innimellom.

Først ute var Hareid Kr. Mannskor med Lidvar Grimstad som dirigent. Koret, som mange andre mannskor, lid under mangel på unge songarar, og der er i 1. tenorgruppa ein merkar dette best. Men trass i det gjorde koret ein fin innsats med fint foredrag i songane dei syng. I ein av songane "Tag mine hender" av Gøte Strandslø song Johan H. Grimstad, som og har arrangert songen for mannskor, solo.

Så var det pianisten sin tur, og det var synd at ein ikkje hadde eit betre instrument å by han, for Bård Dahle synte seg å vere ein god pianist. I denne fyrste avdelinga spela han Imprompitu i Gess-dur av Schubert.



Grimstadkoret - litt redusert og med ein del utskifting. Men likevel, det var kjekt å høyre dei. Frå v. Arild Grimstad, Nils Hoisid, Eldar Hareide, Inge, Kjell, Geir, Arne, Erling Arnjot, Johan H. Steinar, Kåre og Per H. Grimstad.

Grimstadkoret har alle tider vekt særlege forventningar hos publikum, då dei har stått for noko av det beste innan sunnmørsk mannskorssong. Men mykje mangla på at det var tilfelle denne gongen.. Kanskje noko redusert mannskap hadde ein del av skulda? Den tette, homogene korklangen var ikkje patent. Om nokon av songane skal framhevast særleg, må det vere Peter Eikens "I hellarskog" med Arild Grimstad som solist.

Bård Dahle hadde så ei avdeling igjen. "Maple leaf rag" av Scott Joplin og polonese i Ass-dur av Chopin. Han fekk etter denne avdelinga trampeklapp. Songgruppa Credo med Kjell Grimstad som dirigent, bestod av 12 forholdsvis unge songarar med god samklang og ikkje minst god frasering og foredrag. Dei hadde og to gode solistar i koret, Torstein Rønne som song solo i folkemelodien "Jeg har en venn" og Karl Olav Ne-

dregotten med solo i F. Mellus Christiansens "Kun et skritt". Han song og solo i samnummeret "Fager kveldssol smiler" av Johan H. Grimstad, så alle kora stilte opp som felleskor til avslutning.

I det store og heile ein konsert med mykje fin mannskorssong og godt pianospel. Berre synd at ikkje fleire møtte fram for å høyre.

Komposisjon tilegna Credo

Nr. 220

CONCORDIASANGER for mannskor

Auskript av partitur
eller stemmer er forbudt
ifølge lov

Tekst: E. Klykken

CREDO - Jeg tror

Musikk: E. Klykken

ANDANTE CON MOTO

1. Jeg tror, Her-re, jeg tror! Du skap-te him-mel du skap-te jord du
skap-te alt ved ditt all-makts ord Jeg tror, Her-re, jeg tror!

2. Jeg tror, Her-re, jeg tror! Du frels-te meg i fra syn-dens garn og
3. tror, Her-re, jeg tror! Takk Hel-lig And, du har talt til meg om
gav meg rett til å bli Guds barn. Jeg tror, Her-re, jeg tror! Jeg
ska-per-makt og om frel-sens veg. Jeg tror, Her-re, jeg tror!

var, er og blir
f A-re væ-re Fa-de-ren og Søn-nen og Hel-lig-Ån-den som var, er — blir en
sann Gud fra e-vig-het og til e - - vig - het. A-men. A - - men.

Tilegnet mannskvartetten CREDO

E. Klykken
E. Klykken

© Concordia, Grensen 19, Oslo 1

CREDO-medlemar

Det er mange som har vore med i Credo opp gjennom åra. Her er eg usikker om eg har fått med alle, men gjer eit forsøk:

Kjell Grimstad – dirigent

Kjellaug Kløften Standal – dirigent

Asbjørn Walderhaug,

Karl Olav Nedregotten

Roger Roald

Ove Haram

Arnt Eriksen

Trygve Bergem

Dagfinn Hauge

Vilhelm Hauge

Gunnar Nordstrand

Steinar Røsvik

Geir Wollstad

Knut Støbakk

Olav Støbakk

Dag Honningsvåg

Nils Arne Honningsvåg

Andre Sjøvåg

Kurt Inge Sjøvåg

Per Remme

Torstein Remme

Arne Klykken

Hallvard Nordstrand

Per Ole Valderhaug

Otto Stornes

Reidar Standal

Håkon Blindheim

Erling Blindheimsvik

Lars Lona

Gunnar Roaldsnes

Helge Ferstad

Ståle Godø

Petter Godø

Torstein Lervik

Gunnar Kvalvaag